



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Marte Ruvang Karlsen, 5557 2116

Vår dato
07.08.2017
Dykkar dato
03.07.2017

Vår referanse
2017/4223 423.1
Dykkar referanse

Lars B. Lygre og Rita Janet Fløholm
Lurevegen 1498
5912 SEIM

Lindås - gnr 58 bnr 7 - Lygre indre - Frådeling ny bustad - krav om omgjerung

Vi visar til dykkar brev av 03.07.2017 kor de ber Fylkesmannen om å gjere om vedtaket vårt av 16.06.2017.

Avgjerd

Fylkesmannen i Hordaland gjer ikkje om sitt vedtak av 16.06.2017, sak 2017/4223.

Lindås kommune, ved Plan- og miljøutvalet, ga i vedtak datert 14.12.2016 avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for frådeling av parsell til bustadføremål frå gnr. 58 bnr.7.

Vedtaket vart klaga på av tiltakshavarane Lars B. Lygre og Rita Janet Fløholm i brev datert 23.01.2017. Klagen vart handsama i Plan- og miljøutvalet den 22.03.2017, sak 023/17. Klagen vart ikkje tatt til følgje med seks mot fire røyster.

Saka vart etter dette sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. I vedtak datert 16.06.2017 stadfesta Fylkesmannen kommunen sitt vedtak.

I brev av 03.07.2017 ber dykk om at Fylkesmannen gjer om vårt vedtak. De meiner at det var gjort avtale med Fylkesmannen om at vi ikkje skulle handsame gjeldande sak før klagesaka etter veglova var avklart. I tillegg vert det vist til at det er feil at gjeldande areal kan klassifiserast som innmarksbeite, samt at tunarealet på bruket ikkje er omfatta av kommuneplanen si omsynssone for landbruk.

Fylkesmannens si vurdering

Utgangspunktet er at klageorgan sine avgjerder er endelege jf. forvaltningslova (fvl.) § 28 tredje ledd. Det følgjer likevel av fvl. § 35 første ledd bokstav c at eit forvaltningsorgan kan gjere om sitt eget vedtak dersom «*vedtaket må anses ugyldig*».

Spørsmålet blir etter dette om det ligg føre feil ved Fylkesmannen sitt vedtak av 16.06.2017 som gjer vedtaket ugyldig.

Når det gjeld det faktum at Fylkesmannen handsama klagesaka etter plan- og bygningslova for Statens vegvesen hadde handsama saka etter veglova, viser vi til brevet frå Statens vegvesen datert 06.04.2017 om at dei ikkje fann det føremålstenleg å handsame saka før det

låg ei endeleg avgjerd etter plan- og bygningslova. Dette fordi dei ville avslutte saka etter veglova dersom Fylkesmannen ikkje tok klaga etter plan- og bygningslova til følge.

Det er no opplyst at Statens vegvesen, til tross for det ovannemnde, har handsama saka etter veglova før det låg føre endeleg avgjerd etter plan- og bygningslova. Vi kan likevel ikkje sjå at det får verknad for Fylkesmannen si avgjerd. Grunngevinga for vårt vedtak gjeld uavhengig av resultatet etter veglova. Vi viser til at eigedomen ligg i område som er sett av til LNF, og at frådelling til bustadføremål er avhengig av dispensasjon frå arealføremålet for å kunne realiserast. Fylkesmannen står fast ved at vilkåra for dispensasjon ikkje er oppfylt og viser til vår grunngeving i vedtak datert 16.06.2017.

Når det gjeld tolking av kommuneplanen og kor stor del av eigedomen som er omfatta av omsynssone for landbruk, har Fylkesmannen lagt til grunn dei opplysningane som vart oversendt frå kommunen. Det er kommunen som er nærast til å tolke sine egne planer. Fylkesmannen er under alle omstende av den oppfatning at vilkåra for dispensasjon frå LNF-føremålet ikkje er oppfylt, uavhengig av om tunarealet er omfatta av omsynssone for landbruk eller ikkje.

Når det gjeld spørsmålet om arealet er klassifisert som innmarksbeite og følgeleg krev at det vert gitt løyve til omdisponering etter jordlova, viser vi til vårt vedtak av 16.06.2017 om at Fylkesmannen, ved kommune- og justisseksjonen, ikkje er rett instans for å avgjere dette. Vi fant det likevel naturleg å vise til kommunen sine opplysningar om dette.

Fylkesmannen kan etter dette ikkje sjå at det ligg føre feil ved vårt vedtak av 16.06.2017 som kan lede til ugyldigheit. Vilråra for omgjerung etter fvl. § 35 er difor ikkje til stade.

Fylkesmannen står etter dette fast ved vårt vedtak av 16.06.2017. Vedtaket vert ikkje gjort om.

Avgjerda om å ikkje gjere om vårt vedtak av 16.06.2017 er ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på. Saka vert med dette avslutta frå vår side.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Marte Ruvang Karlsen
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ